

Styremøte 04/2019

Torsdag 25. april kl. 18:00 i Klubbhuset

Desse deltok: Dagfinn Grøttå, Terje Edvardsen, Arne Hjertenes, Jan Petter Venøy og Ole Bosnes

Sak: Førebuing til Dugnad 2019

I førre møte, 7.mars, vart det gjort følgjande vedtak:

Det blir kalla inn til fire dugnader á 2 timar i løpet av 2019. Vi venter at kvart medlem som ikkje har betalt seg fri (frikjøp dugnad = 1000 kr) møter på minst ein av desse dagane. I motsett fall blir det sendt krav ved årets slutt. Dugnadsdagar: Torsdag 2. mai Laurdag 4. mai Torsdag 22. august Laurdag 24. august.

Styret listeførte moglege oppgåver som bør gjerast i laupet av desse dugnadane:

- Feie parkeringsplassen, rydde langs gjerdet, moloen og ved slippen.
- Skjære kratt over og ved steinmuren mot skogen.
- Sjekke/ordne fortøyning, spesielt brygge B.
- Reinske flottørane på utriggarane.
- Sjekke/reparere/skifte spylerstussar og teite slangekoplingar.
- Legge kasseledning på septikktankhuset.
- Male septikktankhuset.
- Sette opp nytt namneskilt og «sakte fart»-skilt ytterst på moloen.
- Rydde bodene.
- Klippe grasskråningen.
- Nye hjul på slippvogna.
- Pusse, evt. male slippvogna.

Terje leier dugnadene og fordeler oppgåvene etter kvart som deltakarane møter fram.

Arne sjekker ut moglegheitene for å skaffe to nye(brukne) framhjul til slippvogna.

Dagfinn ordner ut med enkel servering.

Ole låner ut sin barkspade, plassert i brygge B-boda.

Det vart ved avslutning av møtet gjennomført ei synfaring av slippvogna. Der deltok også Geir-Petter Hatlenes.

Møtet slutt!